

## HEI

Desember er her.  
Den magiske tida har kome.  
Med levande lys og lukta av granbar.  
Med smil, latter og gode tankar.  
Med kaker og gåver av alle slag.  
Men best av alt ei tid med familie og vener i godt lag.

## AKTUELT

### LANDBRUKSMELDINGA

Ny landbruksmelding vart lagt fram frå regjeringa 9. desember. Som venta så inneheldt denne ønskjer om liberalisering av landbruket. Det totale bildet er ikkje positivt for å fortsatt kunne ha eit landbruk over heile landet. Innan vårt område har det kome forslag om å avvikle tilskottsordninga til avløyning ved ferie og fritid.

NLT har i lengre tid arbeida opp mot media, faglag og politikarar på Stortinget for å advare mot dei ulempene dette vil føre til. Innhaldet i meldinga har medført mykje oppslag i media, og vi har samla link til dei ulike sakene på vår side på [facebook](#).

Landbruksmeldinga skal opp til handsaming i Stortinget i løpet av våren, og vi kjem til å arbeida aktivt for å få frem konsekvensane ved å avvikle tilskottsordninga til ferie og fritid. Det er og viktig at kvart medlemslag får informert om dette lokalt, og vi har sendt ut argumentasjonsliste til dette bruket. Samarbeid gjerne med lokale faglag for å få koordinert informasjonen.

### HUGSELISTE ÅRSOPPGJER

Nye hugselister for årsoppgjer er no klare og ligge ute på vår heimeside [her](#).

### SMITTEVERN

Som vi informerte om i førre nyheitsbrev så er det viktig at vi til ei kvar tid er bevisst vårt ansvar når det gjeld smittevern. Mattilsynet ønskjer å få utarbeidd ei eigen forskrift som vil regulere krav til testing, men før denne er på plass må vi passe på å følgje dei retningslinjer som eksisterer i dag. Vikarar som kjem frå utlandet, eller har vore i kontakt med andre som kjem frå utlandet skal testast før dei startar arbeidet. Du finn vår samleside med informasjon [her](#).

### ADMINISTRASJONSHANDBOKA

På haustsamlinga vart administrasjonshandboka endeleg lansert. Vi har fått inn mykje dokumenter frå laga både før og i ettertid av lanseringa. Nye dokument vert lagt inn i administrasjonshandboka så snart dei er klar.

I veke 46 og 47 vart det sendt ut link med brukarnavn og passord til handboka. Så no skal alle lag kunne logge seg inn. Det er ein bruker per lag, både for tilsette og tillitsvalde. Gjer deg kjent med kva dokument som er på plass og last opp eigne dokumenter. Har du dokumenter du tenker kan vere til nytte for andre, så send dei til oss og vi vil gjere dei tilgjengeleg for alle.

Etter at du har logga inn og gjort deg kjend med administrasjonshandboka, set vi pris på di meining om denne. Saknar du noko, eller er det noko du tenkjer ikkje er nødvendig? Uansett så set vi pris på konstruktive tilbakemeldingar.

## WEBTEMP

På kurset før haustsamlinga kom årets nye Webtempgruppe saman. Kurset skal gje grunnlag for at deltakarane skal kunne ta i bruk programvara ved inngangen til nytt år. Kurset hadde i alt 17 deltakarar fordelt på 12 lag. Tilbakemeldingane om kurset er varierte. Nokre meina det var eit god kurs, medan andre hadde ei formeining om at dei burde ha lært meir. Vi set pris på tilbakemeldingar, slik kan vi bli betre.

Vi har i tida før og etter haustsamlinga førebudd overgangen for dei nye laga. Vi ser fram til eit godt samarbeid i året som kjem, og ønskjer velkomen til kvar og ein. Vi startar Webtemp turneen vår i januar. Målet er at kvar og ein av dei nye laga skal få bistand og hjelp med fyrste lønskøyring. I utgangspunktet er det sett av to dagar til kvart lag. Det vert travelt, men kjekt!

Samtidig som vi er i gang med ei ny gruppe, ser vi at den gruppa som starta opp føregående år byrjar å bli godt sjølvhjelpne. Tilbakemeldingane vi får er stort sett gode. Dei er nøgde med valet om å gå over til Webtemp, føler dei får god hjelp og er nøgde med nye funksjonar dei får tilgang til. Vi hjelper til etter kvart med dei problema som dukkar opp. Dette kan vere teknisk hjelp, hjelp med avtalar eller oppdrag, vanlege brukartips eller saker som angår lønskøyring og liknande. Det er ytra ønskje om oppfølgingskurs for dei som har nytta Webtemp ei stund. Dette vil kome på vårsamlinga neste år.

Dei laga som nyttar Webtemp kan til kvar ei tid ta kontakt med oss for support. Det er då ingen spørsmål som er for store, for små eller for dumme. Og dersom vi ikkje klarar å løyse problema, tek vi saka vidare til Websystemer. Support frå Websystemer fungerer godt. Og fordelene med å få fleire med på laget er at vi får større gjennomslagskraft for våre ønskjer og behov.

Det er oppretta ei eiga Webtempgruppe på Facebook for alle som nyttar programmet. Her kan ein stille spørsmål, kome med tips til kvarandre og finne dokumenter. Vi prøver å svare og hjelpe så raskt som mogeleg.

## KURS, SAMLINGAR OG MØTER

### OKTOBER

#### 25. Styremøte på Thon Hotel Oslo Airport

Referat frå møtet kan du lese [her](#).

#### 26.-27. Haustsamlinga

Årets haustsamling vart arrangert på Thon Hotel Oslo Airport. Dette var ei positiv oppleving med gode grupperom, god mat og særskild service.

I forkant av haustsamlinga arrangerte vi som vanleg kursdag. Her var det 109 påmeldte som fordelte seg ut på fem ulike kurs. Kursa starta etter lunsj tysdag 25.oktober, og varte fram til lunsj 26. oktober.

Haustsamlinga starta med innlegg frå dagleg leiar i NLT, Frode Alfarnes. «Utfordringar i avløyingsordningane framover» var temaet, som også gjekk igjen som ein raud tråd i samlinga. Dette var tema både under tilsette/tillitsvalde sin time, samt gruppearbeidet og dagleg leiar-/styreleiarssamling.

Også i år kunne deltakarane velja seksjonar med ulike tema på samlinga. På denne måten får deltakarane moglegheit til å velja tema som opptar dei. Det var ulike tema som var retta mot både tillitsvalde og tilsette i laga.

NLT har i år arbeidd med å utarbeide ei administrasjonshandbok til alle laga. Handboka har som føremål å gjera laga sitt daglege arbeid enklare og vert eit komplett oppslagsverk for tilsette og tillitsvalde. Denne handboka vart presentert på samlinga, og vi håpar dette vert eit verktøy som laga vil få stor nytte av.

Under festmiddagen heidra NLT «Årets Avløyings». I år var det ni dyktige og trufaste avløyingsar som vart kåra. Du kan lesa meir om dette [her](#).

Sidan 2011 har NLT heidra tilsette i administrasjonen i medlemslaga for lang og tru teneste. Denne prisen vert ein tildelt når ein har passert 25 år i teneste for eit medlemslag. I år var det tre tilsette som var kvalifisert for denne prisen;

- Randi Lovise Dønnem Aas – Landbrukstjenester Melhus og Omegn
- Åse Torevik – Landbrukstjenester i Sør-Trøndelag
- Unni Furumo – Landbruk Nord

Informasjon frå samlinga og tema som vart diskutert finn du [her](#).

#### 28.-30. Agrovisjon

Årets messe vart arrangert 28.-30. oktober. Administrasjonen i NLT reiste rett frå haustsamling og til Stavanger for å rigge klar til messestart fredag 28. oktober.

Vi hadde bra besøk på standen vår alle dagar, men mest var det fredag og laurdagen. Alt frå eldre bønder, unge bønder, ungdomar som ein gang i framtida skal bli bonde, avløyingsar, landbruksvikarar, og mange fleire var innom standen vår desse dagane. Fleire hundre deltok på dei ulike konkurransane våre. Det som

er kjekt å sjå er at det er ein del besøkande som kjem innom oss år etter år for å slå av ein prat eller å få svar på ting dei lurar på.

Vi ser heilt klart ein stor nytteverdi av det å vera til stade på desse messene, og dersom du ynskjer å stå på stand saman med oss til neste år er det bare til å melde i frå til Tor. Datoane for messene i 2017: Agrisjå er 24.-27. august og Dyrsku`n er 8.-10. september.

## NOVEMBER

### 8. Diverse møter

Styreleiar har hatt møte med Arbeiderpartiet ved Knut Storberget og hans rådgjevarar på Stortinget for å diskutera velferdsordningane i landbruket. Seinare på dagen var styreleiar og styremedlem Finn Egil Adolfsen i møte med NHO Mat og Drikke ved Nikolai Astrup Westlie og Petter Haas Brubakk for å leggje fram dei utfordringar medlemslag har med AFP-ordninga.

### 9.-11. Årsmøte i EMR

Frode Alfarnes og Romar Skeie Olsen har delteke på årsmøtet til Europeiske Maskinringar (EMR) i Poitiers i Frankrike. EMR er ein europeisk interesseorganisasjon for maskinringar innan landbruk. Som alle veit driv vi i NLT mest med utleige av arbeidskraft og mindre med maskinringar. Ute i Europa er maskinringar stort faktisk veldig stort i t.d Tyskland og Austerrike. Likevel ser ein no ei utvikling der utleige av arbeidskraft er blitt meir vanleg og fleire land aukar omsetninga innan arbeidskraft frå år til år.

Under slike møter knytter ein kontaktar og ein held seg oppdatert på kva som skjer i dei andre medlemslanda i Europa. I det siste året har representantar frå EMR vore i Afrika og India og lært opp lokalbefolkningen der i korleis ein kan drive ein maskinring. Dette kan etter kvart føre til meir effektiv matproduksjon i desse landa. Eit spanande prosjekt, og eit viktig prosjekt for verdas matproduksjon.

Under valet vart Hans Peter Werderitsch frå Austerrike einstemmig valt til ny president, medan Leonhard Ost frå Tyskland og Gøran Abrahamsson frå Sverige vart valt til visepresidentar.

Forutan å vere med på møtet fekk vi innblikk i korleis ein dreiv østersfarm på vestkysten, vi var innom ein gardbrukar som dyrka sopp under jorda og ein fabrikk som produserte biodiesel. Biodieselfabrikken var eigd av bøndene i området og gav no god inntekt til eigarane sine.

### 22. Møte i Nasjonalt samarbeidsforum for HMS i landbruket

Styremedlem, Tor Inge Eidesen representerar NLT i dette forumet.

Dette er eit forum som vert arrangert i regi av Landbruks og matdepartementet ein gong i året.

Det blei gitt statusoppdateringar om KSL som grunnlag for HMS på den einssilde gard, risikovurderingar, brannførebyggjande arbeid, meir målretta HMS rådgjeving og arbeidstilsynet si næringsssatsing overfor landbruket.

Tor Inge orienterte kort om Norske Landbrukstenester si verksemd og trakk fram at våre tenester bidreg til førebygging av helsa til både folk og fe. Eit vel fungerande tenestetilbod basert på dei refusjonsbaserte velferdsordningane er avgjerande for at vi skal ha beredskap og et godt tilbod når sjukdom og anna rammar gardbrukarane.

Den spesielle situasjonen med «delt arbeidsgjevaransvar» mellom tenesteleverandør og bonde har høgt fokus hjå oss og vert følgt opp med kontinuerleg fokus på gode rutinar mellom tenesteleverandør, bonde og tilsett.

## **28. Evaluering av Landbruksvikarordninga**

Styreleiar, dagleg leiar og styremedlem Aud Fossøy har vært i møte med Landbruksdirektoratet for å evaluere Landbruksvikarordninga. Direktoratet hadde kalla inn NLT, Faglaga og departementet for å få vårt syn på forslag til ulike endringar. Desse forslaga gjekk på følgjande;

1. Oppheving av prisregulering
2. Motrekning av overskott
3. Fleksibilitet i bruk av tilskott
4. Tilfredsstillande beredskap
5. Plikt til hjelp

Alle er einige i at ordninga fungerer betre i dag enn når kommunen hadde denne. Det er eit ønskje frå direktoratet å få ei ordning som er til det beste for landbrukstenestene.

## **DESEMBER**

### **1. Møte i APU**

Dagleg leiar er medlem i NHO Mat og Drikke sitt Arbeidsgjevarpolitiske utval (APU). Utvalet er sett saman av medlemmer i NHO Mat og Drikke og skal vera ein «sparringpartner» for organisasjonen innan arbeidsgjevarpolitikk. Saker som vart teke opp på dette møtet var;

1. Prosjekt i NHO Mat og Drikke som går på bevisstgjerjing og erfaringsutveksling ved bruk av statistikk
2. Oversikt over NHO sitt politiske arbeid på områda arbeidsgjevarservice og HMS
3. Evaluering av tariffoppgjeret 2016
4. Etablering av eit arbeidsrettsleg nettverk
5. Alder og pensjon

### **6. -7. Styremøte Thon Hotel Opera Oslo**

Årets siste styremøte hadde fokus på rekneskap, budsjett, evaluering av haustsamling og politisk agenda. Valkomit  hadde m te samtidig med styret og intervju med styremedlemene. Referat vert lagt ut p  ny ret.

## 20. M te med Websystemer AS

Trude Soma Augestad og Frode Alfarnes har v rt i m te med Websystemer AS for   diskutere vidare utvikling av Webtemp.

## DIVERSE

### VERTIKAL HELSE

Vi vil minne p  at medlemmer og tilsette i medlemslag har ein god avtale om helseforsikring gjennom Vertikal Helse. Unng  un dvendig helsek , Vertikal Helse sikrar deg rask handsaming til rett tid. Som medlem og tilsett i NLT har du ein god pris p  helseforsikring.

Les om Lars og hans erfaringar som ryggoperert med og utan helseforsikring og bestill forsikring [her](#).

### KALENDER 2017

Ny kalender for 2017 er no klar og du finner denne [her](#).

### OPNINGSTIDER KONTOR

Vi kjem til   ha opent kvar dag i romjula, men kontoret vil vera bemanna med ein person kvar dag.

- Tysdag – Romar, tlf. 971 13 074
- Onsdag – Frode, tlf. 907 39 937
- Torsdag – Trude, tlf. 458 77 686
- Fredag – Tor, tlf. 488 41 941

Neste nyheitsbrev kjem i mars 2012.

Med dette takker styret og administrasjonen for eit godt samarbeid i  ret som har g tt og ser fram til det 2017 har   by p !

Med  nske om ei god jul og eit godt nytt  r til Dykk alle.

Med helsing



**Norske  
Landbrukstenester**

Vi er der du er

